

# Forfattaromtalar

**Ernst Lapin:** f. 1943 i Sandnes. Cand.polit. med hovudfag i historie. Han har arbeidd over 30 år i grunnskulen, av desse 20 år som rektor på Trones skole. Har publisert ei rekke artiklar om lokalhistoriske emne frå Sandnes og gitt ut fleire bøker. Han har mellom anna skrive bøkene Sandnes: den lille sjøfartsbyen og Sandnes: ide, innsats og industri.

**Jan Erik Holmen:** f. 1959, frå Sandnes.: Han har 25 års fartstid hos Jonas Øglænd og har hatt fleire ulike arbeidsoppgåver i bedriften, blant anna innan sal og marknadsføring. Holmen har vore knytt til Jonas Øglænd bedriftsmuseum i 17 år og hatt ansvar for å formidla historia om Jonas Øglænd for publikum, media og presse, og gjennom ulike utstillingar.

**Målfrid Grimstvedt:** f. 1949, frå Stavanger. Magistergrad i etnologi ved Universitetet i Oslo. Har arbeidd ved Jærmuseet sidan 1987, nå som sjøfeskonservator. Prosjektleiar for utviklinga av vitensenterutstillingane på Vitengarden 2001-2005 og for utstillinga «Det ska svara seg» på Vitenfabrikken 2012 – 2013.

**Berit Bass:** f. 1973, frå Berlin. Magistergrad i historie frå Universitæt Leipzig og utdanna arkivar. Har arbeidd som arkivar ved Statsarkivet i Stavanger, Stavanger Universitetssjukehus og Jærmuseet. Har arbeidd med industrihistorie på Sandnes, sist med bedriftene Figgjo AS og Jonas Øglænd AS. Frå hausten 2018 tilsett som arkivar i Byarkivet i Stavanger.

**Svein Ivar Langhelle:** f. 1948 i Sandnes. Førsteamanuensis i historie, knytt til Universitetet i Stavanger. Busett i Vindafjord. Forskingsarbeida hans omfattar den mentalitetsmessige moderniseringsprosessen i Vest-Norge, religiøs kultur, jordbrukshistorie, egalitet og identitet, samt lokal- og regionhistorie.

**Ingebret Hodne:** f. 1938 i Klepp. Gardbrukar og pelsdyroppdrettar på Grude, nå reiseglad pensjonist. Hodne har skrivne artiklar i Årsskrift for Klepp Historielag, m.a. om «islandingen», gartnaren og skogplantaren Ingebret Karlsen Grude.

**Egil Harald Grude:** f. 1944, frå Klepp. Cand. philol. med historie hovudfag frå Universitetet i Oslo. Fylkeskultursjef i Rogaland 2001 – 2009. Før dette var han Fylkeskonservator i Rogaland, leiar for Stavanger maritime museum og arkivar. Grude har ei årrekkje vore knytt til historiestudiet ved Universitetet i Stavanger og har publisert fleire artiklar og bøker. Grude har hatt styreverv i organisasjonar regionalt og nasjonalt. Han er medstiftar av og har vore styreleiar i Jæren Senioruniversitet. Grude er engasjert i fleire prosjekt, særleg innan maritim og administrativ historie.